



Alver kommune
Avdeling for Plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8190 - 20/26592

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
08.05.2020

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om dispensasjon frå LNF - formålet - GBNR 217/4 Romarheim

Det vert søkt om bygging av 80 meter veg i området avsatt til LNF i kommuneplanen. Vegformål er tilkomst til nytt våningshus som skal byggast på landbrukseigedomen. Då det ikkje er drift på eigedomen er tiltaket vurdert til å ikkje vere i tråd med landbruksformålet (LNF) i kommuneplanen og krev såleis dispensasjon.

Vegen skal gå gjennom ein liten skogteig med ca 3 dekar produktiv skogsmark. Eigedomen er på totalt 4335 dekar ifølgje Nibio sitt gardskart. Av dette er 1010 dekar produktiv skog. Å hogge ein trase på 400 m² vil i særst liten grad påverka ressursgrunnlaget på garden.

Landbruksavdelinga har såleis ingen merknader til at det vert gjeve dispensasjon.

Landbruksavdelinga syns det er veldig kjekt at det igjen vert fast busetting på landbrukseigedomen gbnr 217/4 Romarheim. Om det ikkje er så mykje jordbruksareal på eigedomen så er det mykje skog- og utmarksressursar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune